



AV TUVA BJØRKVOLD, FORFATTAR, RESSURSLÆRAR  
FOR NYSGJERRIGPER OG HØGSKOLELEKTOR I  
NORSK VED HØGSKOLEN I OSLO OG AKERSHUS

## Kvifor Lesekrok i Nysgjerrigper?

Lesing er ei av fem grunnleggjande ferdigheiter som er innførte med Kunnskapsløftet. Lesing er ikkje lenger noko som berre er norsklæraren sitt ansvar. No er alle lærarar leseleiarar. Men kva betyr det eigentleg i praksis? Korleis kan ein jobbe med lesing i alle fag?

Det viktigaste elevane kan lære, er at dei ikkje alltid skal lese på same måten. Å leite etter fakta i ein tekst krev ei anna form for lesing enn det å lese for underhaldning si skuld. Derfor må elevane få eit verktoy til å lese på ein formålstenleg måte, og få med seg det dei les.

Med Lesekroken vil Nysgjerrigper gi tips til korleis tekstane i Nysgjerrigper-bladet kan brukast til å auke lesekompetansen hos elevane. Til kvart blad får du ei ny utgåve av Lesekroken med utgangspunkt i ein av artiklane i bladet.

Lesekroken består av tre typar oppgåver. Den eine går på ein lesestrategi, den andre går på å lese mellom linjene (detektivlesing). I tillegg blir det ei oppgåve som tek i bruk andre innfallsvinklar. Kvar gong blir det ei kort teoretisk tilnærming til kvifor oppgåvene er laga som dei er.

UNDERVISNINGSSOPPLEGG TIL ARTIKKELEN «EIN STEINALDERGUT BLIR TIL» I NYSGJERRIGPER NR. 1-13

## Munnleg forteljing med og utan støtte i bilete

Om ein kan fortelje om eit emne, utan støtte i tekst, tyder det på at ein verkeleg har forstått det. Ved ei munnleg framstilling må den som fortel, trekkje fram dei viktigaste momenta, setje dei i riktig rekkjefølgje og nytte ord som passar for tilhøyraren. Innhaldet frå artikkelen om Visteguten passar godt til å forteljast munnleg fordi det er ein tydeleg handlingsgang. Det er heile åtte bilete knytte til artikkelen, alle på ulike steg i kronologien. Om elevane får plassert bileta i riktig rekkjefølgje, har dei difor ei god støtte for å fortelje fagleg om steinalderguten som no er gjenskaft.

La elevane jobbe saman i par med å finne ut korleis bileta skal setjast saman for å få fram historia. Øv på å fortelje munnleg med eigne ord, utan å lese opp det som står i artikkelen. Det beste er om elevane kan fortelje for ein person som ikkje kjenner artikkelen. Dette kan til dømes vere yngre elevar, eller det kan vere ei lekse heime. Ved å gjere forteljingssituasjonen meir autentisk, med ein reell mottakar, aukar motivasjonen hos eleven. Det blir då viktig å leggje fram stoffet godt og med tydeleg samanheng, elles skjønner ikkje tilhøyraren poenget.



FOTO: TERJE TVEIT/  
ARKEOLOGISK MUSEUM I STAVANGER



## Om Nysgjerrigper

Nysgjerrigper er Forskningsrådet sitt tiltak for elevar og lærarar i barneskulen. Hovudmålet er å oppmuntre barn og unge til å ta vare på og dyrke nysgjerrigheita, forskartrongen og fantasien sin. Nysgjerrigper vil auke interessa for forskning og vitskap – og håper fleire unge menneske vel forskning som karriereveg.

I tillegg til eit eige vitskapsmagasin inkluderer tiltaket nettstad og ulike lærartilbod – blant anna rettleiing i korleis barn kan arbeide med eit forskingsprosjekt.

Les meir om tilboda og aktivitetane i tiltaket på [nysgjerrigper.no](http://nysgjerrigper.no)





Av Tuva Bjerkvold



## Oppgåver til «Ein steinaldergut blir til»

### 1. Tal i teksten

Jobb saman i par.

Under er ei liste av tal i teksten. Finn ut kva dei høyrer saman med. Til dømes var det 10–15 menneske som levde i området der Visteguten levde.

- 1,25
- 15
- 1907
- 8000

### 2. Detektivlesing

- a) Kva veit du om naturen der Visteguten levde i steinalderen?
- b) Kor i andletet har vi mykje musklar?
- c) Kva skil Jenny frå ein vanleg arkeolog?

### 3. Finn forteljninga i bileta

Jobb saman i par, fortel gjerne for ein som ikkje kjenner artikkelen.

- a) Det er åtte bilete knytte til teksten om Visteguten. Set dei i riktig rekkjefølgje frå folk oppdaga hola, til guten var ferdig gjenskaft.
- b) Fortel historia om Visteguten, frå steinalderen og fram til i dag, og peik på dei ulike bileta etter kvart som du fortel.
- c) Fortel historia ein gong til, men denne gongen utan bileta. Kva måtte du gjere annleis då du fortalde utan støtte i bileta?

